

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Thrad Hemsedal

Emne: Lauving

Bygdelag: Sørbygda

Oppskr. av: Ola Rudvin

Gard: Rundtop

(adresse): Hammerstadg. 12 B^{II}, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ein skil mellom risping, lauving og å sanke rakalaur. Det var tre skilde arbeid, og dei fall ~~til~~ inn til kvar si tid.

Laur - og serbyg då kjerwalaur - vore det viktigaste attåtfont frå gammalt av. Frå min oppvekst var det skikk at alle - så sant dei hadde tid og høre (arbeidshjelp) til det, laura ein god del (kring 1000 kjeru eller meir) ~~for~~ kvart år.

No er nok lauving (og risping) kome meir or bruk, med di det er meir oppdyrka jord, tilsaing ("Sådnad": klover og timotei, rug, breinte og anna til grønfor) og vekselbruk. Mange eigedomar foder no fleire krotter enn før, endå vidda er den same. Det er mykje meir oppdyrka jord, og skrapslatten, lauving o.d. fell bort. Det er ikkje tid til det, og det lover seg ikkje. Kraftfor (innkjøpt) gjer og sett i jølesagt. Men sume vert det nok laura litt iblant, om tida rekk til. - Laur har vore rekna for godt for, det beste av dei ymse hjelpefor.

Risping.

Dei rispa det dei rokk og sag og sju
 med i "mélouu" (= medonna: kabbellen, ved
 jousokleite og utover) for slatten byrja (i 3.
 veka etter jousok). I kabbellen var det sjølvsagt
 mange andre ting i ordue med (potet rein-
 sking og -hypping, neverflekking o.a. skogsar-
 beid, istandskjing av reidskap m.m.), så det
 var ikkje alle (eller alltid) som fekk tid
 til risping. Det var og eit heller seint
 arbeid som gav lite av seg.

Rispinga gjekk for seg i haumebaga-
 ne heime eller der det lag lettast til
 med arbeidet. Ein rispa oleder, leivik,
 selje, asp-etter som det fall seg. Som
 regel rispa ein av skogen og kjørrane slik
 som han stod, men sjeldan rogg ein trea
 ned tid risping. Ein tok det ein nådde
 i. I seljekallar klauv ein gjerne opp og
 rispa av så langt ein rakk. Risping tok
 hardt på hendene. Skulle dei respe mykje,
 nytta dei skinnfora fingrevollar (halvollar).
 (Slike vort og nytta av rokskjenta i slattanna-
 som måtte raka mest).

Dei rispa lauuet i seine (som dei gjerne
 vort kalla "rispakeine") og bar det til gards
 i seine. Skulle dei opp i trea, eller det var
 brøngent å kome til med stor seine, hadde
 dei med seg ei mindre (omlag fjordpar-
 ten så stor) som dei kalla "blökü", og or
 heime bunde dei dei etter kvart opp i den
 store bersteina. - Rispalauuet måtte tur-
 kart som anna for.

Lauving.

Lauvinga tok dei til med når dei var ferdige med slakten (for skurden tok til). Som regel laut dei då lenger av gards, så langt at det ikkje var tale om å ta lauvet heim for på vinterfört. Lite grand kunne vel verta lauva ~~for~~ i nærleiken av heimhusa eller skolsvollen, men det strakk som regel ikkje til (for lengere tid i alle fall).

Dei fleste gardar hadde skogremmer fleire stader og dei gjerne ut godt stykke heimanfrø (1/2 time - 1 time - 2 timars veg eller så). Det var som aller oftest bjørk som vart lauva. Av andre treslag var det som regel for lite.


I eldre tid kylla dei delvis skogen når dei lauva. Då måtte ein ta lauvinga når skogen var mennes høg. Var det litt bjørkerum, kunne dei snøgt lauve noko på den måten. Men dei rekna med (som sant var) at kylling gjorde stor skade på skogen (stogga han i vokstereu), og i min oppvekt var det om lag slutt med å kylla skogen. - I gamle sameiger tok dei det ikkje så nøgje. Der galot det om å raspe til seg det beste. Men dei aller fleste sameiger var utskifta då eg var smågut. Skod det att ei sameige, skilde ho seg tydelig ut med skutt og skral skog.

Når dei skulle "åt lauvskogje", mista dei seg ut for dagen. Dei laut passe på at det var opphaldsver. I regn ver kunne ein ikkje lauve, både var det for

4

vått for sjølve arbeidet, og heller ikkje var det
bra for lauvet å koma vått i hesja. - Heile
"slattehyden" drag av garde (mannen, kvest-
gubben og kvestgjenta og i alle vaksne barn).
Dugnad vart aldri halde på lauvving, så
langt attende eg minnest.

Reidskapen var lauvkniv og öks
(til han som skulle hogge ned)! Ein
lauva gjerne så mykje skog at ein hadde
passelig til vinterred. Var det litt grovt
kjøik, hadde ein flekt never om våren
(i bålballen). På denne måten mytta ein
best skogus (never, lauv, ved samfundes).



Lauvknivar vart smidd
i bygda eller kjøpt
utlånprå.


Sjølve gangen i lauvvinga var såleis: ein
av karane tok til med å hogge ned tre til
lauvving. Han måtte ha minst fyrste arbeids-
øykta til det. Så lauva alle i andre ar-
beidsøykta. Og i tredje øykta (kvedesøykta)
laut ein av karane hesja og ein av dei
andre bera lauvet innåt. Med gonga ut
og heim att vart det som regel berre tre
øykter (mot elles fire om sommaren).

Ein lauva i kjerv. Med lauvkniven
bøygde ein til seg ei handfull kvister,
så mykje ein kunne gripe om, og hogg av.
I fyrevegen hadde ein hogge seg ein ben-
del og lagt på marka. Så la ein lauvkvisten
på tvers av bendelen, til ein hadde passe
mykje til ein kjerv. Kvisten kunne vere ein
50-80 cm. lang, og kjerven så pass fjukt

at ein snarlt kunne rekke om han med bae hendene eller at han var suord (på midten). Ein snorde kjerven på den måten at ein la han på toers med fjukkenden av bendilen i fri seg. Toppenden av bendilen tok ein med vinstre handa frå seg og fjukkenden med høgre handa til seg. Så drog eit åt, tok tak og heldt bae endane med vinstre handa medan ein med høgre handa vreid rotenden av bendilen (som ein vris ei vidje) og gjorde så eit kast rundt toppenden og smette til slutt rotenden inn under bendilen. Dermed var kjerven suord, og toppenden av bendilen var hendig til å bera kjerven etter.



Lauvkjerv.



Skjematisk
riss av
bendil.


Ein flink og fløyt lauvar kunne grue ~~opp~~ opphit ein 50 kjerv i øykta, vanleg storleik. Det kom sjølvsagt noko an på kor fin lauvskogen var (kor husken bjørka var i toppen).

Lauva ein nare ved heimen (eller stelen), la ein gjerne lauvkjervane innåt lœvveggen (eller inn i lœa om ho ikkje var full) eller opp i tre og kvistar og let dei tørke på den måten. Men ute i skogen måtte ein leggje dei opp i hês, dei kalla.


Èi lauwhes vart laga sålis: Fyrst la ein eit underlag av bjørkestrengar, så

6

ikkje lauvkjervane vart liggjande ned på marka. Ein la underlaget ut frå ei bjørk, så ho vart styffe for sine ender av hesa. Så kvesste ein seg nokre staurar til å ha kjervane på. Dei vart staura ned i underlaget (og jorda så godt det let seg gjera, og så bredde ein kjervane ned på stauren ovenfra etter kvart. Mellom kvar staur var det eit lag av kjervar som låg laust. Frå staur til staur festa ein det heile i kop med små sveig. Etter kvart styppte ein hesa opp med små stykker på sidene. Og til slutt reiste ein innåt så mykje beik at ikkje krøsera kunne komma til og eta av lauvet.



Skjematisk riss av lauvhes



Lauvhes sett på toers.

Når dei så i kvelds øykta var ferdige med oppsetjinga av lauvhesa og hadde ruot innåt nok av bjørkestaurar, var arbeidet

ferdig, og dei kunne fara heim. Var det mykje med hoggen beik, drog karane dit att om hausten og reiste opp resten i vedkostar.

Storliken på lauvkesene vart alt etter som det høvdi. Ein dags arbeid for tre men. neske kunne skogjere ein 400 kjerv eller deromkring. Som regel var dei vel i lauvskogen ein 2-3 dagar minst kvar sommar. Lauvet (og veden) vart hke alt på vinterfjort.

Kjerve lauv vart rekne som bre for. Både kjerve og saune fekk lauv. Kauskji vart det mest nytte til saune. ~~Stad~~ Skandom fekk dei det ein i stallen. Eller dei vart slept ut på heinet til å nappe lauvet i seg der. Ein loypte opp kjervane til dei. Så at dei lauvet, og brosa låg att.

Rakalauv.

Rakalauv sankt dei om hausten når det hadde røst. Bjørkelauv kunne sankast, dersom landet var jamn mark utan tros og lyng. Men det var heller lite tess. Det var helst aspelauv dei sankt. Det gav mest av seg (og la seg ikkje slit ned i lyngen og grasrota som bjørkelauvet). Dei roba det i hop i haugar og bar det fram i teine. Det måtte gjerne tar-kast nokre før ein kunne ha det i hus. Var det ulendt så ein ikkje kunne raka det i hop med ventig rive, nytta dei ei mindre rive ("krafse").

Rakalauvet vart rekne som ringare for, og dei gav det vissnok helst i syrpe.

Det var gjalesagt ikkje alle som hadde

0001

8
8
ospekog, og rekalaav. sankinga vert
mer etter som det fall seg. Det var
lauvinga om sommaren som var det
viktigaste, med lauvet var grønt og
frødig. Når skogen tok til å gulne,
var det for seint med lauving.

Rekalaavet tok dei heller ikkje alltid
fordi dei var i beit for dei. Men stod
trøa slik til at lauvet raste utover
slåttemark (innmark eller utmark)
laust dei kor som var rydja og reka
lauvet vekk, elles vart det mest u-
ridt å stå.

7-8-48.

G. Rudvin